

Tilknyttede organisasjoner;



Ålesund kommune



Molde, 4 april 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, BirdLife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeninger, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

Friluftsløva – betaling for turparkering og bruk av løyper ved skiheisen i Spjelkavik

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftsløva. Vi viser her til vårt skriv av 22.12.2022 om turparkeringsavgift sendt til alle kommunane i fylket vårt. Vi viser også til «*Veileder - Tillate avgift for tilgang til friluftsområde*» frå Miljødirektoratet av 23.09.2023.

Vi er no tipsa om at det blir teke avgift for turparkering samt bruk av løyper i marka ved skianlegget i Spjelkavika i Ålesund kommune (sjå vedlagte bilde). Dette er også omtala i Sunnmørsposten vinteren 2024 forstår vi. Slik vi er opplyst er parkeringsplassen ved skisenteret (gnr 22 bnr 120,123) ikkje berre brukt til alpinanlegget, men også til turparkering knytt til sykling, turgåing på ski eller til fots i nærområdet samt opp på Emblemsfjellet.

FNF Møre og Romsdal stiller spørsmål om skiltet som er satt opp ved Spjelkavika skiheis i Ålesund kommune er lovleg jfr friluftsløvens § 13 og § 14. FNF Møre og Romsdal ber Ålesund kommune om ein uttale om den omtalte parkerings- og løypeavgifta ved Spjelkavika skiheis er lovleg jfr friluftsløvens § 20 ledd c.

Elles vil vi anbefale Ålesund kommune å statleg sikre parkeringsplassen som friluftsområde og då gjennom denne tilskotsordninga (sjå

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/SikringAvFriluftslivsomr%C3%A5derSkjema/Startside/Index?id=8>)

å få midlar til oppgradering av plassen.

Helsing

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Vedlegg: Bilder frå parkeringsplass og av skilt ved skiheisen i Spjelkavika

Skriv frå FNF av 22.12.2022 til kommunane om turparkeringsavgift

Veileder - Tillate avgift for tilgang til friluftsområde» frå Miljødirektoratet av 23.09.2023



